



STOLT: Kari-Ann Holgersen er stolt over den innsatsen som er lagt ned. Møbleringa og interiørdetaljar er dempa for å ikkje ta luven frå fargane i golv og veggar.

►► dei kan kople seg på både straum og vatn.

– Klart vi er kry! Her er så fint at eg kan svime av, stemmer ei smilande Holgersen i.

Ho er takksam for alle som gladeleg har bidrege til møbleringa. Møblar og interiørdetaljar er dempa, for ikkje å ta luven frå fargane i golv og veggar. Etter at fyret fekk tilbake glugane sine, får lyset fritt leide i kvar ein krok.

Fyrskip. Då siste fyrfamilien flytta frå fyret i 1956, sette det punktnum for 100 år med bemanna fyrteneste på Lepøyrevet.

For fyret vart reist, låg det eit fyrskip her. Det første av sitt slag i Norge, ifølgje Frode Pilskog, avdelingsleiar for Dalsfjor-

den fyrmuseum. Behovet for eit haldepunkt i leia var stort, i eit vanskeleg farvatn med mange grunner og mykje straum.

Men fyrskipa var dyre i drift og hadde kort levetid. Under leiing av Martin Mork frå Dalsfjorden, vart det reist eit solid fyrbygg.

Thomas Brusdal fortel i ein sogelagsartikkel for Hamsund sokn i 1997, at det låg eit tysk mudringsapparat i leia under andre verdskrig. Det var eit strategisk viktig mål å bombe for engelskmennene. Også fyret vart pepra med granatar. Både lykta og innvendige veggar og inventar vart øydelagt. Til alt hell vart ingen i fyrfamilien Ingvaldsen skadd, men dei måtte flytte til Gamlem for ein periode, medan fyret vart reparert.

– Eg har sett på fyret i mange år, og hadde veldig lyst å gjere noko med det

KARI-ANN HOLGERSEN

Kystkultur. Både fyret og det tilhøyrande fjøset, samt det krokrygga treet ved sidan av, er ynda fotomotiv. Holgersen er ikkje den einaste som har stoppa for å fotografere eller måle motivet.

Mange har gledd seg til at fyret skulle stå ferdig oppussa. Ei av dei er Anne Venke Myren. Saman med Nicolaas Kippenbroeck kjem ho på visitt for å sjekke ut fasilitetane.

– Dette er rette staden for å tenkje nye tankar. For å revitalisere, seier Myren.

Einingsleiaren for tiltakstener for barn og unge i Haram er med i leiargruppa i kommunen, som har leigd fyret for å klekkje ut nye tankar om prosjektet «Sammen for barn og unge».


– Eg er så imponert over det veneforeininga har gjort. Eg har følgt med på prosessen, og har verkeleg fått opp augene for kor flott her er. Fyrvenene såg mulegheitene, og gjorde noko med det, legg Myren til.

Foreininga har allereie leigd ut fyret til enkeltpersonar og grupper. Dei har ikkje satsa på overnatting, kun dagsutleige. Holgersen må og avkreffe rykta om at det blir fyrkafé. Men mulegheita for ope hus med enkel bevertning er til stades.

– Vi ønskjer òg å arrangere kurs for å fremje kystkulturen.

RANDI LONGVA
randi.longva@smp.no


JUNE R. JOHANSEN (FOTO)
jrj@smp.no



1: Harald Gamlemshaug har vore med på dugnaden og fungerer også som guide på fyret.
FOTO: PRIVAT

2: Ein ærverdig gyngestol har fått nytt liv i fyrstasjonen.

3: Murarane har hatt sitt å henge fingrane i. I første etasje er muren 1,30 meter tjukk.



ORIGINALT: Dugnadsgjengen har gjort alt for at det originale uttrykket i fyret skulle hentast fram igjen. Mellom anna skrapa dei seg gjennom lag på lag med måling og ved hjelp av målingsprøver fekk dei eit lokalt målarfirma til å finne fram dei originale fargane.



Kjøttpålegg fra Gilde
Gjelder kun disse varene.
Gilde, 3 x 100-110 g,
95,33-280,61/kg. Pris ved kjøp av én: 14,30-46,30/stk.
Ta tre betal for to - vi spanderer den rimeligste!



Sunn mat for små og store barn

